



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 10.05.2017
Vår ref: 14/01736-9
Deres ref:

Høring av søknad frå Veidekke Industri AS om driftskonsesjon for Slangen grustak i Nord-Fron kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter § 43 i lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) frå Veidekke Industri AS.

Søknaden om driftskonsesjon vert sendt med dette på høring i samsvar med forvaltningslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss så snart som mogleg viss det er særleg rørde partar som ikkje står på adresselista for denne høringa.

Høringsfrist: 12.06.2017

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMFs heimeside: www.dirmin.no under "Saker til høring". Høringsinstansane kan få tilsendt papirutgåve av søknaden ved førespurnad.

Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgjeving.

Arealbruk vert regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltningsmyndigheit. Utsegner knytt til kommunen sin vedtekne arealdisponeringar (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan) vektlegg vi difor ikkje i vurderinga vår.

Samandrag av søknaden

Slangen er eit grustak lokalisert på gnr./bnr. 408/1 i Nord-Fron kommune. Det omsøkte området er om lag 49 dekar og går fram av kart på side 31 i høyringsvedlegget. Omsøkt område er avsett til råstoffutvinning i arealplanen til kommunen. Vidare er omsøkt område regulert i reguleringsplan datert 20.02.2003 med plan-ID 051620030001 og namn «Reguleringsplan for Samsgarden-Snubbmoen». Det er oppgjeve at førekomsten består av grus som hovudsakleg vil nyttast til veg, betong og asfalt. Det er estimert eit årleg uttak på om lag 5.000-10.000 m³ og eit totalt uttak på 60.000 m³.



DMFs behandling av søknaden

Føremålet med minerallova er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsstyresmakt i saker med samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ masse og for alle uttak av naturstein.

DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar jf. forvaltningslova § 17. Dette vil normalt vere grunneigaren og andre kjende rettshavarar, eigarar, drivarar og bebuarar og andre kjende rettshavarar på naboeigedommar som kan bli påverka, i tillegg til kommunen, fylkeskommunen og statlege forvaltningsorgan.

Søkjaren får høve til å kommentere innkomne høyringsfråsegnar før DMF gjer vedtak.

Innkome konsesjonssøknader blir underlagde ei skjønsmessig prøving hos DMF før vi avgjer om vi skal gi driftskonsesjon. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten, det vil seie om prosjektet verkar gjennomførleg økonomisk, om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten.

Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, skal vi òg leggje vekt på:

- kva innverknad tiltaket vil ha på verdiskaping og næringsutvikling
- kva innverknad tiltaket eventuelt vil ha på naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- kva innverknad tiltaket vil ha på omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva konsekvensar ei utvinning vil ha for miljøet
- kva for planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dersom DMF gir driftskonsesjon, er det normalt knytt vilkår til denne, jf. minerallova 43. Vilkåra omfattar blant anna krav om driftsplan, økonomisk garanti osv.

Nærmare om høyringsfråsegnene

Vi oppfordrar høyringsinstansane til å kome med grunngitte synspunkt på om DMF bør gi konsesjon eller ikkje, under dette kome med konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast med tanke på det ansvarsområdet den aktuelle instansen er sett til å forvalte.

Frå private partar ber vi òg om innspel dei reknar som relevante ut frå konkrete forhold i den aktuelle saka. Dersom høyringsinstansen er kjend med forhold som ikkje er tilstrekkeleg klarlagde i søknaden, ønskjer vi opplysningar om det.

Vi ber kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen informera om tiltaket påverkar miljø, herunder naturmangfald, kulturminne og forureining. Viss kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei skildring av eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.



DMF har ved søk i naturbase og artskart (07.04.2017) fått treff som vist i kartutsnitt på side 32 og 33 i høyringsvedlegget. DMF ber kommune og fylkesmann om å opplyse om det er tilhøve som bør omsynstas for å ta vare på naturtypen og artene i eller i tilgrensing til området. Tilsvarende bes fylkeskommunen om å opplyse om det er tilhøve som bør omsynstas for å ta vare på kulturminna i eller i tilgrensing til området.

Innsending av høyringsfråsegner

E-post: mail@dirmin.no

eller

Ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.

Delar av høyringsfråsegner kan bli siterte i vedtaket om å gi konsesjon eller ikkje. Dersom fråsegna er omfattande, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Erlend Alvestad
overingeniør

Maria Teresa Martinez
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Sakshandsamar: Maria Teresa Martinez



Mottakarakar:

| | | |
|---------------------------------------|-------------------------|------------------|
| Veidekke Industri AS | Postboks 508 Skøyen | 0214 OSLO |
| Nord-Fron kommune | Nedregata 50 | 2640 VINSTRA |
| Oppland fylkeskommune | Postboks 988 | 2626 LILLEHAMMER |
| Fylkesmannen i Oppland | Postboks 987 | 2604 LILLEHAMMER |
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Postboks 5091 Majorstua | 0301 OSLO |
| Statnett SF | Postboks 4904 Nydalen | 0423 OSLO |
| Nils Petter Berget | Kjærnesveien 54 | 1407 VINTERBRO |
| Mona Annegretesdatter | Bergljots vei 9 B | 0575 OSLO |
| Lisbeth Olestad Hansen | Høglivegen 24 | 1920 SØRUMSAND |
| Ståle Olestad Hansen | Traverveien 44 | 0588 OSLO |
| Tone Olestad Heggedal | Buvegen 3 | 1920 SØRUMSAND |
| Karianne Hagelund | Snarveien 6 | 1820 SPYDEBERG |
| Morten Hagelund | Snarveien 6 | 1820 SPYDEBERG |
| Margrethe Sæther Johannessen | Ranunkelveien 3 | 0861 OSLO |
| Kjell Berg | Jevanolvegen 51 | 2320 FURNES |
| Randi Mælumsæter Øverby | Kurudvegen 23 | 2322 RIDABU |
| Kari Mælumsæter | Torstingbuvegen 43 | 2322 RIDABU |
| Tore Mælumsæter | Lerhusvegen 31 | 2322 RIDABU |
| Rolv Johannes Fosse | Bæssmorjordet 17 A | 2750 GRAN |
| Tom Ove Kappelslåen | Blæstervegen 453 | 2660 DOMBÅS |
| Egil Holland | Ringslia 1 | 2390 MOELV |
| Lise Holland | Ringslia 1 | 2390 MOELV |
| Grethe Dalbu | Kampavegen 9 | 2352 SVINGVOLL |
| Odd Klophus | Kampavegen 9 | 2352 SVINGVOLL |
| Per Jostein Bergseth | Røyslivegen 14 | 2386 BRUMUNDDAL |
| Terje Gunnar Kappelslåen | Skulevegen 4 | 2672 SEL |
| Edle Laila Hafne | Breidablikkveien 6 B | 1167 OSLO |
| Bård Arild Pladsen | Steinliveien 9 | 1185 OSLO |
| Ingunn Harildstad Gustavsen | Bjerkejordet 22 | 1350 LOMMEDALEN |
| Statskog SF | Postboks 63 Sentrum | 7801 NAMSOS |
| Jorunn Randi Aas | Storsteinen 5 | 1405 LANGHUS |
| Kjell Aas | Storsteinen 5 | 1405 LANGHUS |
| Henrik Lo | Pauline Halls vei 20 | 1410 KOLBOTN |
| Kari Hovland Aasen | Haakenstadlinna 182 | 2740 ROA |

Kopi til: